



Nr 1 - 2021

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen

Frå Undheim til Himalaya **side 4 - 5**



**Kløverturen
gjekk til filmen**
side 6 - 7

**Lys i enden
av tunnelen**
side 12 - 13

**«The Chosen»
aktuell påskefilm**
side 14

Påsketankar

Då eg var ungdom i Haugesund, var ei av dei store årshendingane for meg Påskeleiren i Sauda. Me tok bussen frå Haugesund fredag før palmesøndag, og om kvelden knødde me oss inn på yrkesskulen i Saudasjøen, 100 ungdommar med skistøvlar, solkrem og høge forventningar. Me låg på harde liggeunderlag i rom som lukta olje og maskinar til å begynne med, og etter kvart sterkare og sterkare kroppsdør frå hormonsprengde tenåringer. Me var ikkje der for å sova, men for å gå på ski, herja med kvarandre, sjå på dei fine jentene, og gjera alt det som ungdommar skal gjera.

Men det var jo ein leir med kristent innhald, det var skulelaget som arrangerte, og me hadde bibeltimar kvar dag. Det kunne vera ganske aktivt på det åndelege planet, og mange ungdommar kom i kontakt med trua si, med påskebodskapen, med Jesus.

Skjærtorsdag gjekk me i flokk og følgje inn til Sauda kyrkje for å vera med på nattverdsgudstene. Kyrkja var sprengfull, og var me heldige, fekk me eit glimt av Bjørn Eidsvåg som var heime på ferie. Men me såg like langt etter kven av oss som vågde seg fram til nattverdbordet. Kan hende gjekk det nokon for første gong. Det var sterkt. Det var mykje tårer og klemming. Dagen etter hadde me vitnemøte før me pakka saman og drog heim, stuptrøytte.

Slik var påsken min i heile ti år. Det var ei flott tid meg mykje gode minne. Og alltid var høgdepunktet skjærtorsdag med nattverden. I attersyn var jo det litt rart, all den tid høgdepunktet i påska er påskemorgon. Men kan hende me fekk med oss noko av det viktige likevel. Eg

skal på ingen måte ta fokus bort frå påskemorgon. Jesus sin død på krossen og oppstode tredje dagen er fundamentet i kristen-trua. Men på skjærtorsdag får me del i det heile. Jesus tek oss med seg, inn i påska, inn i hendinga. Påskedramaet vert noko som me ikkje berre observerer, men som me har del i. Me er ikkje lenger tilskodarar – det vedkjem oss, fullt og heilt!

I dåpen vert me døypte til hans død og oppstode. I nattverden skjer noko av det same: Hans død – min død. Hans oppstode – mi oppstode. I nattverdmåltidet vert me eitt med kvarandre og med Han, Jesus. Det skjer på eit mystisk og kraftfullt vis som me ikkje må gløyma eller gøyma. På tross av oss sjølv, vår vaklande tru og våre haltande liv. På tross av alt gale me kan peika på både hos oss sjølv og kvarandre: Me vert eitt med Han og med kvarandre.

Kan noko ta det vekk frå oss?

I Sauda vart me kjempeglade når nokon gjekk fram til nattverden for fyrste gong – me såg det som ei overgjeving, som ei vedkjenning. Og det var sant. Men i dag vil eg leggja endå meir vekt på det me får i nattverden, det som Herren gjer med oss. For større enn vår vedkjenning og overgjeving, er Herrens gåve til oss: Nåde og fellesskap.

God Påske!

Lars Sigurd Tjelle - prost

møte:plassen

1 - 2021

16. årgang

UTGJEVAR:

Undheim sokneråd

REDAKTØR:

Steinar Sandvik

tlf. 400 07 909

GRAFISK UTFORMING:

Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:

Steinar Sandvik

Laila Undheim

May Brit Merland Arnø

Hanne Nordbrønd

Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:

Møteplassen

Time kyrkjekontor

Pb 373

4349 Bryne

E-POST:

nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:

www.timekyrkja.no

www.undheimkyrkja.no

TRYKK:

Jærprint, Bryne

OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD

KONTONR. 3290.57.20723

GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidedeilete: Eiliv Søyland på bønnevandring i Himalaya.
(Privat foto)

Illustrasjonsfoto frå Pixabay.com



Mi påskesalme

Du som låg i natti seine
sorgtung vanvørd og aleine,
skjelvande på såre kne,
du som skåli trufast tømde
medan alle dine rømde,
stridsmann frå Getsemane!

Du som spotta vart og banna,
kront med klungerkrans om panna,
medan augo brann i sorg,
du som stod i namnlaus pine,
skild frå dei du kalla dine,
einsam i Pilati borg!

Du som hekk til krossen nagla,
medan blodut sveitte hagla
frå di panne då du sa:
«Fader, kvifor gjekk du frå meg!»
Å, lat nådens blodstraum nå meg,
offerlam frå Golgata!

Lær mi sjel kor du laut lida,
syn meg såret ditt i sida,
styrk og nær mi veike tru.
Syn meg dine merkte hender,
så eg frelst mitt auga vender
opp til deg på krossen, du.

*T Jakob Sande 1931
M Rolf Karlsen 1972
M Ragnar Tesdal 1975
Norsk salmebok nr 138*

Eg vaks opp i ein presteheim, og me borna måtte alltid vera med i kyrkja. Far var ein person som ikkje ofte let kjenslene styra. Det som likevel undra meg som barn, var at når han les lidingssoga langfredag, måtte stoppa mange gonger for å meistra gråten.

I vaksen alder har eg nokre gonger vore med å lesa lidingssoga i kyrkja langfredag. Då har eg kjent, det same som far, at denne utruleg sterke forteljinga vil gripa meg til tårer.

Dei mange vakre påskesalmane er ei tydeleg understreking av påskebodskapen. Sorgtyngde salmar og orgeltonar langfredag til full orgelbrus og jubel påskedag, er kvart år ei stor oppleving.

Det er mange som veit at Jakob Sande har skrive den mykje brukte julesongen «Det lyser i stille grender». Mindre kjend er den sterke påskesalma han skeiv då han var 25 år gamal i 1931.

Åmund Eikeland



BØNNEVANDRING I HIMALAYA



Tekst: Steinar Sandvik

Her er ei gruppe på vandring i Himalaya, godt over 3500 meter over havet. (Foto: Eiliv Søyland)

Eiliv Søyland (29) frå Undheim har vore på fleire turar i Himalaya for å be for unådde folkegrupper.

No er 29 år gamle Eiliv Søyland heime på Undheim, men han lengtar tilbake til Sør Aust Asia. Oppdraget har han frå Ungdom i Oppdrag, men no er det umogeleg å reise på grunn av Covid-19 – pandemien.

PRIVATSKULAR

Frå nyttår har Eiliv arbeidd i ei 30 prosent stilling som ungdomsarbeider i Kristen Tjeneste som held til på Forus. I tillegg tek han også oppdrag for Klippen Lydsystemer.

Frå 4. klasse i gunnskulen gjekk Eiliv på SKG (Stavanger Kristne Grunnskole) – ein skule han ikkje kan rose nok. Der fekk han den hjelpa han trong for dysleksien sin. Dette var ei nødvendig hjelp for å fullføre vidaregåande og seinare reise ut i misjonen.

UNGDOM I OPPDRAG

– Men så vart eg tatt av misjonen, smiler han. – Ein kompis hadde vore i UiO (Ungdom i Oppdrag). Det skal eg også, var den klare stemma i meg, og dermed vart det Disippeltreningsskule (DTS) ved Skjærgårdsheimen på Flekkerøy utanfor Kristiansand.

– DTS baserer seg på ei teiridell og ein praksisdel. Undervisninga legg stor vekt på livet saman med Gud, og det er eit sterkt fokus på misjon, særleg for folkeslag som ikkje har fått kristen opplæring. Som DTS-student vert vi plasserte, men det er ofte ei blanding av ønskje og plassering, fortel Eiliv som vart plassert i Honduras – eit av dei mest utrygge landa, mellom anna på grunn av stor narkotikahandel.

MANGE KRISTNE

Eiliv fortel at mange i Honduras reknar seg som kristne, men mykje av truslivet er blanda saman med trolldom og ulike ånder – og spiritisme.

– Vi var mykje saman med ein norsk familie som hadde vore 12 år i området. Arbeidet var både praktisk og evangeliserande. Etter to månader var perioden over, og då kjende eg at dette er noko eg kan tenkje med å drive med vidare.

NESTE STOPP HIMALAYA

– I tida etter oppdraget i Honduras arbeidde eg som stab ved DTS-en på Skjærgårdsheimen. Eg skulle mellom anna planlegge misjonsturar saman med studentar. Og slik var det at eg fekk min første tur til Sør Aust Asia i 2013. Då var vi tre frå staben som leia eit team på seks studentar.

Der i Himalaya kom vi i kontakt med eit arbeid som vart drive av eit skandinavisk ektepar. Vår misjon var å be for eit unådd folkeslag. Gjennom reiseselskapet Himalayan Adventures arrangerte vi fjellturar for deltakarane. På desse turane var det bønn og lovsang for unådde folkeslag.

– Det er svært vanskeleg å drive tradisjonell evangelisering i dette området. Difor arrangerte vi bønneturar opp i høgfjella, på godt over 3000 meter over havet.

GODT SAMARBEID

Eiliv fortel at det skandinaviske ekteparet har budd

saman med desse folka i rundt 25 år.

– Når vi er på besøk, bur vi og arbeider saman med folka som vi ber for. Men direkte forkynning er ulovleg. Men mange av dei får ulike arbeidsoppdrag på fjellturane som vi arrangerer. Det kan mellom anna vere transport eller andre praktiske gjeremål. Mellom 40 og 50 av lokalbefolkninga er i dag kristne, og dei får leve ope med si tru.

KRISTENRUSS

– Gjennom reiseselskapet er det mange frå heile verda som har vore med på bønneturar i fjella, men også norske grupper. Slike grupper har mellom anna vore kristenruss.

I 2019 hadde Eiliv med ei slik gruppe på 19 deltakarar. I slike grupper er det ulike motivasjonar, alt frå ein eventyrleg fjelltur til ein rein misjonstur.

– Ofte opplever vi at ungdom som blir med på slike turar blir gripne av det dei møter, både gjennom bønnevandringa og i fellesskapet, med oss og med lokalbefolkninga. Dei opplever eit Guds-møte, og gjennom lovprising og bønn får dei også oppleve eit sterkt Guds-nærver. Slik opplevde eg det også. I mitt liv gjorde det ein veldig forskjell, seier Eiliv og legg til at han også har vore på UiO-oppdrag i fleire afrikanske land.

– Men mitt største ønske er å kome tilbake til Himalaya, seier han og legg til at han har det godt når han no bur i barndomsheimen på Årrestad.

– I kjellaren heime hos mor, smiler han.



*Slike telt vert brukte til overnatting på bønnevandringane.
(Foto: Eiliv Søyland)*

Storslått natur på høgfjellet i Sør Aust Asia. (Foto: Eiliv Søyland)





Her er heile Kløvertur-gjengen klar til vandring.

Kløverturen gjekk til filmen

Tekst og foto: Steinar Sandvik

26. februarar markerte Saniteten 125-årsjubileum. Kløvertuen på Undheim var med på feiringa.

I vind og kaldt vinterver møte 20 vandrarar frå Kløverturen på Undheim opp i Knudaheio. Der stod kameramann Lars Thomle og produsent Anders Kiil klare til å filme turgjengen.



TUR OG KAFFIDRØS

Dei 20 vandrarane gjekk ei rundløype ved Knudaheio med eit lite stopp på tunet framfor den velkjende diktarstova til Arne Garborg. Det gjekk ikkje mange minutta før filmteamet hadde gjort jobben sin.

Men Kløvergjengen hadde ikkje fullført sitt oppdrag. Alle som ein vart med til idrettshallen der det vart servert pølse, kaffi og søt bakst. Men ein av dei mest trufate i Kløverturen, Ellen-Sofie Egeland, glimra med sitt fråvær. Denne dagen hadde ho andre oppgåver, mellom anna å spele inn festtalen til 125-årsmarkeringa.

125-ÅRSMARKERING

Laurdag 26. februar var Kløvergjengen frå Undheim med

Kameramann Lars Thomle og produsent Anders Kiil (til venstre) filmar medan Ivar Egeland (frå venstre), Hans Dahl Ørstavik og Judith Hovstad går mot Knudaheio.



Norske Kvinners Sanitetsforening

125 år
1896-2021

og markerte Saniteten sitt jubileum. Det same gjorde Elles-Sofie som er organisasjonsleiar i Sanitetsforeninga, eit verv ho har hatt sidan 2013.

– I desse koronatider var det ikkje mogeleg å arrangere ein stor jubileumsfest. Difor vart det ei digital markering som alle kunne følgje på nett, fortel Ellen-Sofie.

Under markeringa heldt Ellen-Sofie sin festtale. Medan ho tala til heile folket fekk vi også glimt av Kløverturen frå Undheim på vandringa rundt Knudaheio. I tillegg var det også ei rekkje andre innslag i den to timar lange markeringa.

– Her var det også helsing frå Slottet og ikkje minst presentasjon av jubileumboka «Årvåken, modig og nytenkende» som Mari Jonassen har skrive, fortel Ellen-Sofie. – I tillegg gjekk startskotet for Kløverstafetten som skal gå over heile landet. Stafetten kjem til Rogaland i mai månad.

PRIS

Under markeringa fekk Norske Kvinners Sanitetsforening tildelt Samfunnssikkerhetsprisen 2020 for støtte til enkeltmenneske og styresmakter i krisetider. Prisen vert delt ut av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Saniteten har eit omfattande arbeid rundt i landet. I dag er det vel 40.000 medlemmar og rundt 600 lokallag. Ellen-Sofie fortel at Kløverturane er svært populære med mange deltakarar. På Undheim er det registrert rundt 30 deltakarar på Kløverturen.

TAKKAR AV

Ellen-Sofie har sidan 2007 vore aktiv på sentralt hald i Saniteten. Fram til 2013 var ho første nestleiar. Og sidan har ho vore organisasjonsleiar som er den høgaste valde leiar i Norske Kvinners Sanitetsforening.

– Til hausten er det landsmøte. Eg har takka nei til gjenval, seier Ellen-Sofie Egeland.



Turen vart avslutta med drøs og kaffi i idrettshallen. Frå venstre Maria Undheim, Margot Herikstad, Reidunn Haavardsholm, Bjørg Bøhn Rosland (delvis skjult), Judith Hovstad, Ingveig Seland, Ivar Egeland, Amund Tunheim, Gudrun Tunheim og Pål Undheim.

PÅSKETANKAR

Tekst: Linn Cecilie Høiland



Ei ny høgtid står for dør – du veit, den med fridagar, påskeegg og kyllingar, tur til hytta og skitur med kakao, kvikk-lunser og appelsin i sekken. Påska. For nokon stoppar assosiasjonane der.

Lat meg få fortsetje tankerekkja litt.

PALMESØNDAG - Jesus blir tatt imot som konge då han rir inn til Jerusalem.

SKJÆRTORS DAG – Jesus har det siste måltidet og deler nattverd med venene sine. Jesus vert forrådt.

LANGFREDAG – Jesus vert dømd, krossfesta og døyr.

1. PÅSKEDAG – Grava er tom. Jesus stod opp frå dei døde. Kva vi tenkjer om påska og legg i sjølve påskebodskapen, er opp til kvar enkelt.

I Bibelen kan vi lese om Barabbas. For han vart det som skjedde i påska livsforvandlande. Han var ein berykta fange som sat fengsla for å ha deltatt i valdeleg opprør og for å ha myrda nokon. Men sjølv om det såg håplaust ut, fekk Barabbas eit møte med Jesus, og livet hans vart forvandla.

Kort fortald: Jesus vart dømd til døden, og han sett fri.


Om vi ikkje har same historia som Barabbas, har vi alle opplevingar og erfaringar som gjer oss til den vi er i dag. Vi har ulik bakgrunn og bagasje. Kanskje har du hatt det godt på alle måtar, eller du har hatt dine periodar med motgong. Det kan vere du har blitt utsatt for noko som har laga djupe arr, eller du har tatt val som du angrar på. Kanskje du kjenner på glede og takksemd, eller du står midt i sorg og sakn.

Nokre er evige pessimistar, andre evige optimistar. Nokre ser løysingar i staden for problem.

Kanskje tek du ein dag om gongen – om det måtte vere for å halde hovudet over vatnet, eller for å leve i nuet og gripe dagen. Uansett kvar vi er i livet – om vi vender blikket utover, innover eller oppover, er vi like mykje verd.

I ein song av the Isaacs vert påskebodskapen sett frå Barabbas sin ståstad, og ei av linjene er: «He looked at me and said go free, you're the one I'm dying for». Jesus møter blikket til Barabbas og seier: Eg døyr for deg. Du er fri! For ein livsforvandlande augneblink! Og der har du påskebodskapen: Jesus døyr for deg, du er fri. Mine tankar for denne påska er at uansett kvar du er i livet, og uansett kva du skal i påska, så var det som skjedde i påska for ca. 2000 år sidan gjort for deg. Du kan løfte blikket til Jesus og Han seier det enno: Eg døydd for deg. Du er fri. Heilt ufortjent, kun av nåde.

God påske!



ELINE TEK OVER SUPERMIX

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Eline Fosse har på mange måtar gått gradene i Supermix. Det var nemleg Elisabeth Fosse, mor til Eline, som var leiar då Supermix starta opp.

HJELPELEIAR

– Og eg var dei første åra med som hjelpeleiar, mimrar Eline. – Først var eg med i barnekoret Ekko, men dei siste åra i barneskulen var det Supermix. Eg hugsar godt at vi eldste i koret koreograferte litt dansar som vi framførte til songane våre. Desse første åra var både ei både gild og lærerik tid..

MED FRÅ STARTEN

No har Eline teke over etter Astri Fjermestad Eikeland som har vore med sidan starten i januar 2011. Dei andre leiarane var Elisabeth Fosse og Pia Norunn Risa. Dei siste 5 – 6 åra har Astri vore dirigent og leiar i koret.

– Arbeidet i Supermix har vore enormt givande og kjekt. Og det har vore ei stor glede å oppleve ungane som har lært fine songar og framført dei, seier Astri og legg til at ho har stor tru på Eline som ny leiar i Supermix.

– Eline er kjempeflink med ungane og dyktig musikalsk, eg er så letta at ho no tek over koret, seier Astri og legg til at det vart stifta eit barnekor rundt 2006-2007 med aldersgrense 4 år og oppover. Dette koret med namnet Miniklang gjekk så over til Supermix frå 2011.

RUNDT 40 BARN

Eline hadde si første øving med Supermix tysdag 16. februar. Då var det nesten 40 barn til stades.

– Planen er å ha øving annakvar tysdag. Då vert koret delt i to, ei gruppe for barn i barnehagealder og ei gruppe for dei i skulealder. Dei eldste øver først medan dei yngste har samling i kjellaren der dei lagar ulike ting, fortel Eline

– Etter ein halv time er det bytte. På grunn av koronasituasjonen vert ikkje dei to gruppen saman. Difor vert det ein kort andakt når kvar av gruppene avsluttar i kjellaren.

MANGE FORELDRE STILLER OPP

Eline seier at dei to gruppene høyrer til sin kohort, ein på skulen og ein frå barnehagen. Difor kan dei vere saman i koret. Men det vert gjort nødvendige smitteverntiltak, mellom annan er det ikkje kontakt mellom gruppene når dei skiftar plass. Det er mange vaksne leiarar som er med, både i kjellaren og i kyrkjerommet.

– Det er svært viktig at foreldra er med på øvingane. Vi treng dei til dei ulike oppgåvene både i kjellaren og i kyrkjesalen, seier ho.



Engasjementet er stort hos Eline Fosse, den nye dirigenten i Supermix.

Eline er ikkje åleine som leiar i Supermix. Ho har også med prest May Brit Merland Arnø og Sigbjørn Risa som tekniskar. Dessutan håper ho at Kjellaug Wold vert med etter kvart.

FRIVILLIG

Eline er tilsett som ungdomsarbeidar i 30 prosent og 20 prosent som trusopplærar i Undheim kyrkje. I tillegg har 20 prosent stilling i konfirmantarbeidet i Bryne kyrkje. Arbeidet som leiar i Supermix gjer ho som frivillig.

Samstundes er ho 50 prosent student ved Menighetsfakultetet i Oslo der ho tek utdanning som trusopplærar – ei eitt-årig utdanning som går over to år.

NYTT FRÅ SOKNERÅDET

Frode Skårland - dagleg leiar

OPNING GUDSTENESTER IGJEN

Endeleg kan me halda gudstenester med meir enn 10 personar til stades. Nå er regelen at me kan samlast inntil 100, men me må halda avstand. For Undheim sin del, er det størrelsen på kyrkjerommet som set grense for kor mange me kan vera. Sidan me syng på samlingane våre, må det vera minst to meters avstand mellom kvar husstand. Dette betyr at det vil variera kor mange me kan vera ut frå samansetninga på dei som kjem. Derfor er det ein stor fordel om alle kan melda seg på gudstenesta. Då vil me kunna utnytta lokalet maksimalt, og det blir enklare å plassera dei som kjem til gudsteneste på søndagen.

Du kan oppleva at det er fullt når du skal melda deg på onsdag kveld, og så når du sjekkar torsdag ettermiddag, er det igjen ledige plassar. Årsaka til dette, er at me i mellomtida vil ha sett ut frå dei som er påmelde at det er plass til fleire. Sjekk derfor fleire gonger dersom du opplever at det er fullt på påmeldinga.

Du kan melda deg på gudsteneste på heimesida vår. Dersom du ikkje brukar Internett, kan du ringa til kyrkjekontoret på 51 77 03 77.

SMITTEVERN

Sjølvsagt om me nå opnar for gudstenester, betyr ikkje det at faren for smitte er over. Endringa skuldast at regjeringa har gjort ein endring på regelverket fordi dei såg at det kom skeivt ut. Derfor må me framleis vera forsiktige. Hald avstand, hald deg heime om du er sjuk, ta på minst mogleg og hugs god handhygiene. Me skal heller ikkje kryssa kommunegrensar for å gå på arrangement.

Når du kjem til kyrkja, ber me deg om å ikkje stå tett i kø for å komma inn. Kom i litt god tid, for då blir det mindre kø, og me får tid til å plassera dei som kjem.

Etter at gudstenesta er ferdig, er det fint om alle går ut av kyrkja. Det er tryggare å ta ein samtale med dei som kom utandørs.

BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Barne- og ungdomsarbeid har starta opp igjen. Kyrkja følger skulen sitt trafikklyssystem, og nå har skulen gult nivå. Det betyr at det er anbefalt at ungar opp til og med 4. trinn er i grupper på maks 15 ungar, og dei som er eldre kan vera opp til 20. Barna skal halda ein meters avstand så langt det går. Regelen kan fråvikast dersom det er ein spesiell aktivitet som krev det.

ENDRING I STILLING FOR UNG I TIME

Asle Steinbru er tilsett i ungdomsarbeid for alle dei tre sokna i kommunen. Sidan Undheim har fått eigen ungdomsarbeidar, og Eline har komme godt i gong, kjem Asle til å redusera sin andel i Undheim med 10%. Undheim kjem til å løna 15% av stillinga hans framover.

Asle koordinerer ungdomsarbeidet i dei tre sokna. Han støttar ungdomsarbeidarane, han deltek på ein del av arrangementa, og han har eit eige tiltak for dei ungdommane som er ferdige med ungdomsskulen. Dette heiter PULS.

ÅRSMØTE OG KYRKJELYDSMØTE

Det blir årsmøte 21.mars etter gudstenesta. Etter årsmøtet kjem me til å ha eit kyrkjelydsmøte. På kyrkjelydsmøtet skal me sjå på forslaget som er laga om revidert lokal grunnordning for gudstenestene. Dette handlar om val av liturgiske ledd i gudstenesta, og korleis me skal gjera dei.

GIVARTENESTE

I 2020 hadde me ein auke i givartenesta. Dette er me veldig glade og takksame for! Til saman kom det inn 396 800 kr. Det var 40750 meir enn i året før. Sidan me tilsette ny ungdomsarbeidar, treng me framleis at givartenesta blir auka, for me gjekk med eit underskot i 2020, og me ligg an til å gjera det i 2021 òg. Kyrkja får inn mindre gjennom offer nå, sidan det er færre gudstenester, og færre til stades på dei gudstenestene me får lov til å gjennomføra. På nettsida vår, finn du oppdatert informasjon om givartenesta. Sjå i menyen «Informasjon».

KONFIRMASJONAR 2021

Konfirmantane i kommunen har fått velja om dei vil ha konfirmasjon til våren, eller om dei vil ha det om hausten. Dei datoane som er sett opp i Undheim er 2. mai og 5. september, men det er ein føresetnad at minst tre vel datoen.

KYRKJESTYRET

Årsmøtet avlyst grunna smittesituasjonen.

Styret vedtok i møte 9.februar å utsetja årsmøtet til 2022.

Då me vedtok dette, var regelen for smittevern at kun 10 personer kunne møtast. I denne situasjonen såg me det som heilt uaktuelt å kalla inn til møte. Det er ennå så pass stor uvisse omkring smittesituasjonen framover, at me vel å stå på vedtaket.

Det betyr at noverande styre/varamenn og nemd må belaga seg på å vera eit år ekstra.

Ein kort versjon av årsmeldinga med rekneskap for 2020 vil verta lagd ut på Undheim kyrkje si heimeside når den er godkjent av styret.

Kyrkjestyret søkte i 2020 Time kommune om tilskot til utskifting av hovedlys i kyrkjesalen, men fekk avslag. Kanskje me kan prøva igjen i år.

Torvald Tjåland - leiar

GUDSTENESTER UNDHEIM KYRKJE KL. 10.30

21. mars Familiegudsteneste/1.klasses/dåp

28. mars Palmesundag/dåp. Søndagsskule

1. april Skjærtorsdag/nattverd kl. 19:00

4. april Høgtidsgudsteneste/dåp

18. april Gudsteneste/nattverd. Søndagsskule

2. mai Konfirmasjonsgudsteneste

17. mai Gudsteneste kl. 11:00

24. mai 2. pinsedag. Gudsteneste/dåp

30. mai Gudsteneste. Søndagsskule

Følg med på heimesida

www.undheimkyrkja.no for endringer i smittesituasjonen.

ARBEID PÅ UNDHEIM



Namn: Ellen-Sofie Egeland

Alder: 58 år

KVAR ARBEIDER DU?

– Eg er kontorarbeidar ved Johs. Egeland & Sønner AS på Undheim. Sjefen min er ektefelle Leif-Kåre Egeland.

KVA ARBEIDER DU MED?

– Eg gjer alt kontorarbeid i ei lita bedrift med sju tilsette. Stillinga mi er på 100%, men eg er 50% frikjøpt til verv i Norske Kvinners Sanitetsforening.

–Ellen-Sofie fortel at ho dreiv frisørsalong fram til 2003. Sidan har ho

arbeidd på kontoret til transportfirmaet.

–Vi måtte gjere noko med kontorarbeidet. Sidan eg hadde erfaring frå rekneskapskontoret på Brøyt, hadde eg bakgrunn for å meistre ein slik jobb. Kontoret er heime i huset i Olsteinsvegen, og eg opplever arbeidet som svært meningsfullt.

– Arbeidet består av alt mogeleg kontorarbeid – frå HMS, rekneskap som eg klargjer til rekneskapsfører som også har lønnsutbetaling til dei tilsette. Dagane kan variere mykje. Det blir ikkje nokon 9-16-jobb når mannen som driv bedrifta også er er sjåfør. Det er nesten som å drive ein gard der arbeidet mitt er både jobb og livsstil.

– Driv du innan transport, er det mange pålegg som må fornyast kvart år. Mellom anna bruker vi Lastebilforeninga sitt Internkontroll/systematisk HMS. Eit arbed vi kallar «Kvalitet på miljø og veg» - noko som viser at vi tek miljø på alvor. Vi er mellom annan sertifisert som «Fair transport» og ei rekkje

andre krav innan HMS (Helse-Miljø-Sikkerhet). Her har vi årleg sertifisering. Dette er ein del av mitt ansvar å halde orden på.

KORLEIS TRUR DU DET ER Å BU PÅ UNDHEIM OM 10 ÅR?

– Eg håper transportdrifta som har drive i 76 år, framleis er her på Undheim. Og at det vert fleire småbedrifter i bygda. Det betyr mykje. Det å få ei rekneskapsbedrift i bygda har betydd mykje. Her er rom for andre bedrifter. Bygda treng arbeidsplassar.

– Eg har tru på Undheim-bygda, her er mykje positivt sjølv om vi har mista ungdomsskulen - noko som er vanskeleg å gjenskape.

KVA FORHOLD HAR DU TIL KYRKJA?

– Det er godt å ha ei kyrkje i bygda. Kyrkja er ein plass vi kan gå til, eg opplever at bygda har eit godt forhold til kyrkja, og det er positivt med tilbod til ungdommar, og ikkje minst Søndagsskule. Eg opplever kyrkja som ein open plass når vi ønskjer og har behov for det.

LYS I ENDEN AV TUNNELEN



Bålpanna skapte både lys og varme denne iskalde kvelden på kyrkjebakken

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Søndag 7. februar var det bålpannegudsteneste. Den levande flammen blafra frå bålpannene i den iskalde vinterkvelden. 35 trassa kulden og deltok på den korte gudstenesta leia av sokneprest May Brit Merland Arnø. Flammen frå bålpannene både varma og lyste opp. Og dei frammøtte fekk eit møte med han som er lyset i verda og eit møte med kvarandre.

Musikken fløynde ut frå kyrkjedøra, og songen fylte kyrkjebakken denne kalde og vakre vinterkvelden.

Og slik var May Brit Merland Arnø sin tale denne kvelden:

Teksten er henta frå 2. Mos. 3, 1-6: Flammar og eld er fascinerende. Dei har ei eigen tiltrekningskraft på

oss, og for Moses så blei det ekstra spesielt, for busken som stod i full fyr, brann ikkje opp. Eg vil gå nærare for å sjå, tenkte Moses.

Og der ved den brennande tornebusken fekk Moses høyra: «Ta skorne av føtene! For staden du står på, er heilag grunn.»

Kristi forklaringsdag har fokus på dei heilage augeblinka i møte med Gud sjølv. Jesus som blir forvandla framfor augene på disiplane, kappa hans som skin som sola, og ønske om å bli verande der i møte med Gud son.

Om Jesus blei det sagt fra starten av: «I han, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.» (Joh. 1, 4-5)

Jesus seier om seg sjøl: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» (Joh. 8,12)

Lyset du treng, finst! Med Bålpannegudsteneste så ønsker vi å ha fokus på lyset og håpet, i denne tida me lever i. Lys i mørke - lyser opp. Lys i mørke lyser kanskje ikkje så



Klar til bålpannegudsteneste. Frå venstre Hanne Brit Sandsmark, Dag Sandsmark, Gunn Siri Risa, Asle Risa og Pia Norunn Risa.



Sokneprest May Brit Merland Arnø leia gudstenesta, medan ektefelle Hjalmar Arnø leia songen.

veldig langt, men langt nok til at du og eg kan gå, skritt for skritt vidare. Litt lenger, så langt som lyset viser veg. Steg for steg.

Trygve Skaug har ein song som heiter: «Enden av tunnelen»! Ei strofe frå denne songen er slik: «Ser du det kommer lys, fra enden av tunnelen.» Det fekk meg til å tenka på: Stavtjørntunnelen.

- På ungdomsleir på Stavtjørn.
- Gå gjennom i stummande mørke.
- Arm i arm, passe oss for grøftekanten.
- Framover i mørkret. Opplevinga av å gå saman der i mørke, saman så klarte me det, ingen datt utfor veien.
- Og ikkje minst opplevinga av å sjå lyset i andre enden av tunnelen. Det var framleis bekmørkt rundt oss, men etter kvart som me gjekk blei det meir og meir lys! No opplever me mørketid og vinter, bokstavleg og i overført betydning.

Men vi veit at vi går mot lysare tider, både i naturen og i pandemien. For kvar dag som går blir det 5 minutt lenger med dagslys. Vaksinen er på veg ut til fleire og fleire, me skal ikkje vere i denne usikre og begrensade tida for alltid. Det blir meir og meir lys også i kvardagane våre. La flammene frå bålet og varmen som den gir, gi oss håp om det som ligg føre oss. Og i alt det som er så usikkert og lite forutsigbart.

Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja til evig tid. Han har ikkje forandra seg. Søk han!

Heilag grunn – augneblinka i ditt liv der du opplevde Guds nærvær.

Ved et leirbål? Ei seine kveldsstund med ein god venn? På tur langs stranda? Eller ved ei bålpanne?

Eg veit ikkje korleis ditt første heilage augneblink med Gud var. Kva som var di oppleving. Men eg veit at Gud kan fortsatt gje deg sånne «flammande», heilage møtepunkt, midt i koronatida. Han som er verdens lys, inviterer deg til å møta han, på den måten som passer for deg.

Og som med Moses, som det skein sånn av, då han hadde vore oppe på fjellet og snakka med Gud, vil Jesus og skina på deg. Som ein refleks, kan lyset frå Jesus skina gjennom oss. Då blir det ikkje krav når Jesus seier: «De er verdas lys», nei det blir eit vereforhold. Der vi henter kraft og styrke hos han som er kraftkjelda og lyset i våre liv. Han som seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

KONTAKTINFO:

Sokneprest: May Brit Merland Arnø	467 94 518
Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandsmark	996 26 157
Kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Eline Fosse	454 83 455
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon.: Praxedes Slettebø	980 28 690
Avtale tid for dåp eller vigsel:	
Time kyrkje kontor:	
måndag - fredag: 09:00 - 14:00	51 77 03 77

BØN OG FORBØN

Står du i ein spesielt vanskeleg situasjon, eller noko du ynskjer forbøn for? Vi er eit forbedar-team på 6 personar som vil be for situasjonen. Alt kan vera anonymt, og vi har teieplikt. Send SMS eller ring Tordis Sandvik 915 72 880 eller Hanne Brit Sandsmark 996 26 157

Filmen «The Chosen» utfordrar meg

Tekst: Jakob Aardal

Eg har med åra fått lov til å sjå ei rivande utvikling på ein del teknologiske frontar. Kanskje er eg siste generasjon som hugsar skillet mellom fast- og mobil-telefonar?

Samstundes kan eg også hugsa skillet mellom det å låna seg ein VHS på videosjappa og nå sitja heime i si eiga stove å låna film direkte over nett. I tida me lever i akkurat no har filmen fått ein sterk konkurent, om ikkje sin overmann. Mange brukar i dag all ledig tid til å sjå seriar. Sjølv minnes eg då seriane hadde sin spede start på fjernsynet med 24, LOST og Prison Break som dei tre store.

Her for ei stund si blei eg anbefalt å sjå den nye serien "The Chosen" som handlar om Jesus sitt liv her på jorda. Sjølv om eg likte veldig godt filmen Passion of the Christ der ein følger Jesus i påsketida fram til krossfestinga, må eg sei at eg ikkje hadde dei store forhåpningane til denne serien. Dei låge forventningane trur eg botna i ein del dårlige filmar eg haddde sett om

Jesu liv tidligare. Det var med andre ord med ei ambivalent kjensle eg tok til å sjå denne nye serien som så mange anbefalte.

I byrjinga av første episode sleit eg litt med å forstå persongalleriet, men frå den augneblinken Jesus stig inn og møter Maria Magdalena var eg solgt!

Noko av det som traff meg mest gjennom serien er måten kvar enkelt karakter er tolka på.

Serien er tru mot dei bibelske hendingane, men alt det som ikkje er skrive ned som til dømes samtalande og personligheten til kvar enkelt blir portrettert på ein spanande måte. Alt frå den undrande Nikodemus til den mislikte og einsame tollaraen Matteus.

Ein annan tanke som slo meg rundt serien er kor bra den får fram at det er heilt vanlige menneske som meg og deg Jesus møter med dei to enkle orda: Følg meg.

I jungelen av seriar vil eg med dette sterkt anbefala the Chosen. Du kan anten sjå den på YouTube eller lasta ned ein eigen app med same namnet der du kan sjå alle dei 8 episodane som førebels er laga.

For ja, det kjem ein sesong nummer 2 og den gler eg meg til! ;)



Jakob Aardal liker filmen The Chosen. Særleg fordi serien er tru mot dei bibelske hendingane. (Foto: Steinar Sandvik)

Døpte i Undheimkyrkja

26. desember



Ada Egeland

21. februar



Malin Hobberstad



Dåpskjole til gratis utlån
På kyrkjekontoret på Bryne er det ein dåpskjole til gratis utlån. Kjolen er over 100 år gammal og har 4 forskjellige luer i ulike storleikar. Kyrkjekontoret ordnar reingjering, så for dykk som treng dåpskjole er det berre å henta og levera. Ring 51 77 03 77 adr. Erlandsbakken 6.

Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:
«Eit hus har 5 etasjar.
Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»
– Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

– Korleis er den nye gitaren din?
– Eg måtte kaste han.
– Kvifor det?
– Den hadde jo eit stort hol i midten!

Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske?
Svar: Ein ven du kan rekne med.

Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
(Teikning: Kari Sortland)



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

		
		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i>	UNDHEIM HANDELSLAG   undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
	 NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Talsdal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 45 11 • Fax: 51 48 40 64 • Mob: 971 59 400	Sjekk Punkt  BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
	RL teknikk A/S	 Byggmester Ståle N. Sikveland
TOM REE MASKIN	Høiland & Tveit BetongEntreprenør	SpareBank 1 SR-BANK
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevægen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig
Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10	Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS